

RÅDSDIREKTIV 94/66/EF

av 15. desember 1994

om endring av direktiv 88/609/EØF om begrensning av utslipp av visse luftforurensende stoffer fra store forbrenningsanlegg(*)**RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 130 S nr. 1,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽²⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 C i traktaten⁽³⁾, og

ut frå desse synsmåtane:

I handlingsprogramma for miljø til Det europeiske fællesskapet av 1973⁽⁴⁾, 1977⁽⁵⁾, 1983⁽⁶⁾, 1987⁽⁷⁾ og 1993⁽⁸⁾ vert det streka under kor viktig det er å redusere og førebygge luftureining.

I direktiv 88/609/EØF⁽⁹⁾ er det ikkje fastsett grenseverdier for utslipp av SO₂ frå nye anlegg som har ein nominell termisk effekt på mellom 50 og 100 megawatt, og som nyttar faste brensel. Det går likevel fram av vedlegg III til direktivet at Rådet på grunnlag av ein rapport frå Kommisjonen skal fastsetje grenseverdiane for utslipp frå anlegg av denne kategorien.

Rapporten frå Kommisjonen til Rådet om kva for brensel med lågt svovelinnhald som er tilgjengelege, syner at den vanskelege stoda som har seinka fastsetjinga av slike grenseverdier, er vorten betre, særleg fordi det no finst store nok mengder kol med lågt svovelinnhald på verdsmarknaden. Ved forbrenning av denne typen kol kan utslappa av SO₂ reduserast til under 2 000 mg/Nm³⁽¹⁰⁾.

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 337 av 24.12. 1994, s. 83, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 13/96 av 1. mars 1996 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(1) TEF nr. C 17 av 22.1.1993, s. 12.

(2) TEF nr. C 201 av 26.7.1993, s. 4.

(3) Europaparlamentsfråsegn av 14. september 1993 (TEF nr. C 268 av 4.10.1993, s. 34), felles haldning frå Rådet av 8. juni 1994 (TEF nr. C 213 av 3.8.1994, s. 11) og europaparlamentsavgjerd av 17. november 1994 (TEF nr. C 341 av 5.12.1994).

(4) TEF nr. C 112 av 20.12.1973, s. 1.

(5) TEF nr. C 139 av 13.6.1977, s. 1.

(6) TEF nr. C 46 av 17.2.1983, s. 1.

(7) TEF nr. C 328 av 7.2.1987, s. 1.

(8) TEF nr. C 138 av 17.5.1993, s. 1.

(9) TEF nr. L 336 av 7.12.1988, s. 1. Direktivet endra ved direktiv 90/656/EØF (TEF nr. L 353 av 17.12.1990, s. 59).

(10) mg/Nm³ tyder milligram per normalkubikkmeter eller masse per volum gass, uttrykt i kubikkmeter, sett i høve til standardtemperatur (273 K) og standardtrykk (101,3 kPa) etter at vassdampinnhaldet er trekt frå.

Med tanke på dei miljøskadane som følgjer av luftureining, bør grenseverdiane fastsetjast på dette nivået for utslipp frå anlegg som har ein nominell termisk effekt på mellom 50 og 100 megawatt -

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:**Artikkel 1**

I direktiv 88/609/EØF vert det gjort følgjande endringar:

- vedlegg III vert bytt ut med vedlegget til dette direktivet,
- i artikkel 4 nr. 1 skal nytt andre ledd lyde:

«Medlemsstatene kan imidlertid fastsette at nye anlegg med en nominell termisk effekt som er større enn eller lik 50 MW, men mindre enn 100 MW, og som er gitt tillatelse innen fristen for gjennomføring av direktiv 94/66/EF(*) i nasjonal lovgivning, senest ett år etter fristen må overholde verdien fastlagt i vedlegg III.

(*) EFT nr. L 337 av 24.12.1994, s. 83.»

Artikkel 2

1. Medlemsstatene skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, seinast seks månader etter at det har teke til å gjelde. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedteke av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatene skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde den dagen det vert kunngjort i
Tidend for Dei europeiske fellesskapa.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 15. desember 1994.

For Rådet

A. MERKEL

Formann

VEDLEGG

«VEDLEGG III

UTSLIPPSGRENSEVERDIER FOR SVOVELDIOKSID (SO₂) FOR NYE ANLEGG

Faste brensler

